

Norsk Genressursråd  
Postboks 5025  
1432 Ås

Landbruks- og matdepartementet  
Postboks 8007 Dep  
0030 Oslo

Ås 05.04.05

Landbruks- og matdep.	
Saknr.: 2004/01333	Dokument: 47
Mottatt: 11 APR 2005	ASE/SVE
Saksbeh.: CWE	Ark.: 636
Kopi: 05	Avskr.:

Dykkar ref: 200401333-/CWE

## Høyringsvar – Forslag til ny lov om planteforedlarrett

Norsk Genressursråd handsama forslag til ny lov om planteforedlarrett i møte 05.04.05.

Norsk Genressursråd vart oppretta av Landbruksdepartementet i 2001, som eit organ i forvaltninga av genetiske ressursar og biologisk mangfald i landbruket. Formåla med rådet sitt arbeid er å sikra bruk og bevaring av dei genetiske ressursane i landbruket, allmenn rett til og tilgong til dei genetiske ressursane og ei rettvis fordeling av goda ein oppnår gjennom bruk.

Det er fleire særtrekk ved norsk landbruk, planteproduksjon og –foredling som gjer at vi her til lands på den eine sida har heilt spesielle behov når det gjeld eigenskapane til det plantematerialet vi nyttar, og som på den andre sida gjer plantematerialet – og dei genetiske materialet vi har her til lands, heilt spesielt.

I Noreg driv vi mange stader landbruk i marginale dyrkingsområder. Det set strenge krav til sortsmaterialet som vert nytta. Gjennom fleire tiår har det vore drive eit omfattande foredlingsarbeid her til lands for å framskaffa robuste og livskraftige sortar tilpassa vårt klima, eit arbeid som har vore heilt naudsynt for å kunna gjera norsk landbruk konkurransedyktig og for å kunna produsera mat av høg kvalitet. Dette arbeidet har vist gode resultat. Gjennom ein fellesnordisk innsats har ein sikra dette sortsmaterialet, saman med anna innsamla frø- og plantemateriale, i Nordisk Genbank. Her har ein samla over 30.000 aksesjonar av frø av mellom anna foredla sortar, gamle landrasar og ville slektingar av kulturplantene. I tillegg har ein sikra vegetativt formeira plantemateriale (mellom annan frukttre og poteter) i klonarkiv (sortssamlingar).

Norsk Genressursråd vil med denne bakgrunn poengtera at ei ny lov om planteforedlarrett må ha som eit viktig mål å sikra framleis utvikling av og tilgong til eit sortsmateriale tilpassa norsk klima og produksjonstilhøve. Rådet vil peika på at dette og kan sikrast på andre måtar enn gjennom endring av eksisterande lovgjeving om planteforedlarrett. Den beste garantien for at ein og i framtida har det, er gjennom å oppretthalda eit monaleg nasjonalt

NORSK GENRESSURSRÅD  
POSTBOKS 5003•1432 ÅS  
TELEFON 64 94 51 42•TELEFAKS 64 94 51 01•MOBIL 924 24 761  
POST@GENRESSURSER.NO•WWW.GENRESSURSER.NO

foredlingsarbeid. Dette inneber og at det nasjonale foredlingsarbeidet må gjevast vilkår som sikrar framtidig utvikling og drift. Ved omorganisering av den nasjonale planteforedlinga i 2003, vart det og kutta dramatisk i dei offentlege løyvingane til dette arbeidet. Sjølv om noko av kuttet er kompensert gjennom annan finansiering, forventar Norsk Genressursråd at den nasjonale planteforedlinga frametter vert gitt betre rammevilkår. Å sikra rammevilkåra for produksjon av frø- og plantemateriale av artar og sortar som stettar ulike behov, både med omsyn på bruk og dyrkingskrav må vera eit offentleg ansvar. I internasjonal målestokk er Noreg ein liten marknad når det gjeld frø og plantemateriale, og vi kan ikkje forventa at dei store multinasjonale selskapa som dominerar denne marknaden vil ta ansvar for å dekkja særmerkte norske behov.

Det nye forslaget til lov om planteforedlarrett forbyr kommersielle dyrkarar å nytta hausta materiale frå dyrking av ein verna sort til vidare dyrking. I § 8 er det gjort unntak for korn og potet, der det er fastsett ei grense for kor mykje formeiringsmateriale ein kan nytta, dels utan å betala vederlag til sortseigar, og over ei viss grense mot vederlag til sortseigar. Norsk Genressursråd går inn for at av omsyn til småbrukarar skal avgiftsfritaket gjelda alle artar, ikkje berre korn og potet, for eit visst dyrkingsomfang. Dette vil vera eit kompromiss i høve til "farmers rights", som vil verna om små produsentar.

I internasjonale fora har norsk haldning lenge vore å støtta prinsippet som gjev statar suveren rett til å sjølv fastsetja nivået på vern av genetiske ressursar. Med dette standpunktet stiller Noreg seg solidarisk saman med U-land og deira rettar i høve egne genetiske ressursar. Dette er ei politisk linje Norsk Genressursråd ser som særst viktig vert vidareført, uavhengig av kva tilknytning Noreg vel å ha til UPOV.

Ved å gje tilslutnad til UPOV-91 vil Noreg få stemmerett i rådet, og det vert argumentert for at vi dermed får større påverkningskraft. Norsk Genressursråd meiner at stemmeretten ikkje er avgjerande for at Noreg skal kunna spela ein aktiv rolle i UPOV. Noreg er i dag ein aktiv part i mange internasjonale fora for forvaltning av biologisk mangfald og genetiske ressursar. Sjølv om Noreg er eit lite land har vi oppnådd respekt og resultat gjennom vårt engasjement i dette arbeidet. For å vidareføra denne tradisjonen i UPOV er det naudsynt at Noreg går inn i dette arbeidet med tyngde, gjev det høg prioritet og ressursar.

Norsk Genressursråd ser at UPOV-91 svekkar "farmers rights" i høve UPOV-78. Det ville ha vore ein klar styrke ved UPOV-91 om den nye regelen om opplysningsplikt om nye sortars opphav ville blitt strengt handheva. Denne plikta er dessverre uthula ettersom den ikkje er eit krav for å få ein ny sort godkjent. Brot på plikta kan forfølgjast rettsleg, men ikkje brukast som grunn for å gje avslag på ein søknad om planteforedlarrett. Omsynet til opplysningsplikt treng ikkje å ha betydning for kva UPOV-konvensjon Noreg skal vera knytt til. I og med at det er opp til det enkelte land å fastsetja nivået på vern av genetiske ressursar, er det ingen ting i vegen for at vi innfører opplysningsplikt i nasjonalt lovverk, dersom vi vel å oppretthalda tilslutninga til UPOV-78.

Norsk Genressursråd ser med skepsis på det nye prinsippet i UPOV-91 om at planteforedlarrett og vert utvida til å omfatta "essentially derived varieties" av verna slekter/artar. Fleire ulike tilhøve grunnjev denne skepsisen. Eit tilhøve er definisjonen av "essentially derived varieties", der spørsmålet er korleis dette vert avgrensa i praksis. Eit anna tilhøve er at prinsippet kan føra til eit slags pyramidespel innan planteforedling, ved at ein skal kunna krevja fortieneste av ein sort som er utgangspunkt for andre sortar ("opphavssort") i fleire ledd i vidareforedling av denne sorten. Dersom dette vert praksis vil det kunna virka

sterkt avgrensande på fri forskning på verna plantemateriale, og på fri planteforedling generelt ved at ingen ser seg tent med å vidareforedla sortar som andre har verna.

Ei oppsummering viser at Norsk Genressursråd har to hovudbekymringar til "Høringsnotatet med forslag til ny lov om planteforedlerrett". Det er:

1. Sikring av norsk planteforedling i framtida.

Norsk landbruk er avhengige av plantesortar som er tilpassa norsk klima. Ei aktiv og livskraftig norsk planteforedling er den beste garantien for utvikling av plantesortar tilpassa norsk klima og vekstforhold. Rådet vil peika på at det finns mange ulike tiltak for å styrkja norsk planteforedling, og oppmodar Landbruks- og matdepartementet om å vurdera andre verkemiddel som ikkje går utover bønder sine rettar .

2. Når det gjelder tilslutning til UPOV-91 vil Norsk Genressursråd gje uttrykk for følgjande skepsis:

a. Norsk Genressursråd er opptekne av at Noreg markerar seg meir aktivt i UPOV-arbeidet. Då vil det verta meir underordna kva UPOV-versjon ein er tilslutta.


b. Svekkinga av "farmers rights" i UPOV-91 vert ikkje nødvendigvis vege opp av opplysningsplikta om nye sorters opphav. Opplysningsplikta kan innførast i Noreg sjølv om ein er tilknytt UPOV-78.

c. Prinsippet om at planteforedlarretten kan vidareførast til "essentially derived varieties" kan føre til avgrensing av fri forskning på verna plantemateriale og på fri planteforedling generelt ved at ingen ser seg tent med å vidareforedla sorter som andre har sortsrett til.

Monica Kristensen Solås (sign)

Leiar

Norsk Genressursråd



Eivind Mehl

Sekretær

Norsk Genressursråd